

Handsaming i Formannskapet :

Samr. som tilrådinga.

TILRÅDING:

Sande kommunestyre vil arbeide vidare med å utvikle eit sterkare samarbeid mellom kommunane på Søre Sunnmøre.

Sande kommunestyre legg til grunn dei 5 kommune på Ytre Søre Sunnmøre (5K) som eit naturleg kommuneblokk-samarbeid, men supplert med ei vidareføring og –utvikling av samarbeidsløysingar i 7-stjerna basert på dagens etablerte praksis. Sande kommune legg til grunn at eit framtidig blokk-samarbeid skal organiserast på ein enkel og oversiktlig måte basert på etablerte prinsipp som vertskommunemodell eller liknande, og der folketal vert grunnlag for kostnadsfordelingar.

Sande kommunestyre vidareføre sin etablerte praksis i å delta aktivt i ulike pilotprosjekter og forsøk i andre skala og former enn det som er nemnt over om formålet gir positiv effekt for Sande kommune som organisasjon, tenesteytar, eller samfunnsutviklar.